

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skudenenes

Emne:

Bygdelag: Talnes sokn

Oppskr. av:

Lars Tjostheim

Gard: Skidrudal

(adresse):

Skudeneshavn

G.nr. 51

Br.nr. 6

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle eg er barnefødd her. Fra 1924 har eg arbeidd som lærar her.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
fødd 6-6-1899.

SVAR

Transport av høy.

Her på Karmøy har det aldri vore brukt å slå i utmarka. Men her er mange små bruk som ikkje har brest, og på dei brukka dei frå gammalt å bera høyet sitt ihus. Dei brukka då det vanlege byrdetåret, som dei og brukka til å bera lyng på. Det var eit dubbelt tau som dei hadde ei "hægel" av "brakje" på midten til glidring. Når dei bar, tok dei eit av taua inn på kvar aksel og heldt attåt i endane. Dette kalla dei å bera med "fæller". Men i dei siste 25 år er det skjeldan at ein ser ein som ber høy. Folk leiger eller låner helst ein brest og får høyrt høyet ihus.

Her i Skudenenes har folk brukka ei solhjula langkjerre til å høyra høy og korn på. Denne kjerra brukka dei og gjerne til å høyra lyng til brenndsel på. Denne kalla og denne kjerra for langslide - Men om dette kan hengja saman med at dei før har brukka glideslide, veit eg ikkje; for eg har ikkje sett anna enn den vanlege langkjerren i mi tid.

Då eg var barn - omlag 1910, var her like
 kinnstig eng, og høyet folk avla var
 lågt og smått. Men så gjekk dei mykje
 over å så til enga med tenodeisra.
 Det høyet dei erma avla på den natur-
 lege eng kalla dei gjerne for „småhøy“.
 Dette småhøyet raka dei saman med
 handrive, og „fengde“ det saman i fang
 med ei fengeriva - Fengeriva var ei
 større og mykje grovare rive enn
 dei vanlege handriverne. - Men eg veit
 ikkje at dei rekna noko tal på fengene.
 Når dei hadde fått lasset høgt nok, la
 dei „tonga“ (ei) på og knepke lasset -
 Tonga var laga av to langdemar, og læst
 som var fest i tonga og så gjekk under
 tjerra, kalla dei „tongreipet“. Så raka dei
 av alt læst på bae sidene. Det som då
 blei att siste gongen, kalla dei „etter-
 rakster“ (ein). Han bar dei gjerne heim i
 høylakeret.

Det var vanleg at dei aller fleste bønder
 hadde særskild tjerre til høykøyring, og
 stort sett var dei like. I den tida då
 folk hadde berre naturleg eng - til om-
 lag 1910-1915-, brukte dei låge grindar.
 Dei måtte vera låge, så ein mann
 rakte å leggja fengene over grinda.
 Det var vanlegast at dei brukte to „remar“
 i desse høygrindane. Men somme hadde
 dei ein nede med botnen og ein oppe,
 og strekke tau innimellom. Av desse
 låge og gammaldagse høytjerrene
 ser me ei og omor oppe til dessar.

Men omkring 1900-1920 gjekk bøndene her over til kunstig eng og skiftebruk. Då blei høyet stort, og det lesste dei opp på tjerra med høygaffel. Då gjorde det mindre om grindane var høge. Folk arbeidde seg då meir praktiske høytjerrar. Dei var høgare og breiare - breiare fekk dei til med at dei bygde inn tjula med ein tjulskjeru så grindane gjekk helst utanfor tjula. I høgda brukte dei og helst 5 eller 6 rennar over einannan. Så slapp dei lessa lasset høgare enn grindane. Dei slapp då bruke tonga, og kunne kiva full "møysa" i ein fart. - Grinda blei og kalla "møysa" (ei). Nå er her mest berre desse nye høytjerrane å sjå. Eg legg ved eit lite fotografi.

Skudesnes, 18-1-1947 Vyrdsamt
Lars Tjøstheim.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

113

Litt av ei vanleg høytjerre med høytong frå omlag 1920.
Frå garden Tjøstheim i Skudesnes.

113

